

Hei!

Som foreldre har me eit kjempe stort ynskje om å få behalde Byrte oppvekstsenter tom 4 klasse.

Me er redde for at det blir ein lang skuleveg og skuledag for dei minste elevane om dei skal gå på Tokke skule fom 1 klasse.

Ein må også tenke på at borna reiser ned til Dalen på fritidsaktivitetar som f.eks fotball, opplegg i skulens regi hender også, og det vil sei at ongene må kjøre opp og ned til Dalen to gongar til dagen. Dvs 10 mil på ein dag.

Har nå kjørt borna våre på aktivitetar i fleire år, har også erfaring med born som tek skulebuss Byrte – Tokke skule.

Og utan tvil, me ser at dei blir slitne av mykje kjøring og brukar tid i bil/buss som dei heller ville ha bruka til andre ting.

Våre born har begynna på Tokke skule i 6 og 8 klasse, og har da vore så store at dei kan gjennomføre det.

Men me ser at det kan bli eit kjempe problem om me skal gjere det same med minstemann i 1 klasse.

Men:

Fokuset her må vera **kvaliteten** på skulen.

Får me ein **god skule med kvalifisera og stabile lærerar** og som **gjer jobben sin på ein god måte**, er det ingen ting som er betre enn å gå på ein liten grendeskule i barneskulen.

Når dei går på mellomtrinnet trenger dei ein større arena enn det Byrte ser ut til at kan gje i dag.

Får me ikkje ein god skule, kan me ikkje ta hensyn til at me vil ha eit skulebygg med "lys og lyd" i, eller skule i nærmiljøet.

Det er framtida til borna det er snakk om, og det kan ikkje vera slik at viss du går på ein liten grendeskule må du godtaka eit dårlegare undervisningstilbod.

Me ynskjer derfor ein **GOD** skule på Byrte tom 4 klasse.

Mvh

Torbjørn Vinjerui og Anne Marit Roholdt.